



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Statlege forventningar
til kommunane

2025



Innhald

Forord	4
1 Utfordringar i Vestfold og Telemark.....	5
1.1 Samfunnstryggleik og beredskap	5
1.1.1 Styring og kriseleiing.....	5
1.1.2 Trygge og robuste lokalsamfunn	5
1.2 Demografi	6
1.2.1 Kommuneøkonomi	7
1.2.2 Kapasitet og kompetanse	7
1.3 Ungt utanforskap	8
1.4 Klimaomstilling.....	8
1.5 Oslofjorden	9
2 Statlege forventningar til kommunane	10
2.1 FNs berekraftsmål	10
2.2 Rettstryggleik og god forvaltning	11
2.2.1 Spesielle forventningar på utvalde område	11
2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv	12
2.3.1 Arbeidslivskriminalitet.....	12
2.3.2 Tilrettelegging og implementering av systematisk HMS-arbeid	12
2.3.3 Bruk av bedriftshelsetenesta.....	13
2.3.4 HMS-opplæring for leiarar.....	13
2.3.5 Psykososiale problemstillingar, vald og truslar	13
2.3.6 Opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og truslar	13
2.4 Samfunnstryggleik og beredskap	14
2.4.1 Øving og opplæring	14
2.4.2 Samarbeid regionalt og lokalt	14
2.5 Kommuneøkonomi	15
2.5.1 Planlegging av økonomi og tenester	15
2.5.2 Bruk av styringsdata	15
2.6 Oppvekst	15
2.6.1 Skole	16
2.6.2 Barnehage.....	17
2.6.3 Barnevern	17
2.7 Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester.....	18
2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse	18

2.7.2	Sosiale tenester i NAV	22
2.7.3	Bustadsosialt arbeid	23
2.7.4	Husbanken	23
2.8	Integrering.....	24
2.9	Utsette barn og familiar	24
2.10	Miljø	25
2.10.1	Natur.....	25
2.10.2	Forureining	25
2.10.3	Vassforvaltning	27
2.11	Landbruk	27
2.11.1	Berekraftig eigedomsforvaltning.....	27
2.11.2	Tilskotsforvaltning og kontroll	27
2.11.3	Næringsutvikling.....	28
2.11.4	Vernskog.....	28
2.11.5	Ungskogpleie	29
2.11.6	Bruer i skogsbilvegnettet.....	29
2.11.7	Geovekst og skogbruks-planlegging	29
2.12	Arealplanlegging	30
2.12.1	Nye nasjonale forventningar	30
2.12.2	Planvask.....	30
2.12.3	Jordvern i arealplanlegginga.....	30
2.12.4	Klima og karbonrike areal.....	31
2.12.5	Naturmangfald i arealplanlegginga	32
2.12.6	Villrein i arealplanlegginga	32
2.12.7	Strandsona og Oslofjordplanen.....	32
2.12.8	Samfunnstryggleik og klimatilpassing	33
2.12.9	Bygging på nedlagde deponi	33
2.13	Samferdsel	33
2.14	Gravplass.....	34
2.15	FN-konvensjonen om menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD).....	35
2.16	Likestilling.....	35
3	Dialog og samarbeid	36

Forord

Stat og kommunar er tett integrerte. Kommunane gjer ein formidabel jobb både på vegne av eigne innbyggjarar og på vegne av staten.

Utgangspunktet for dette dokumentet, òg kalla «forventningsbrevet», er nettopp den tette koplinga mellom staten og kommunane. Føremålet er å legge til rette for effektiv styringskommunikasjon, mellom anna ved å klargjere ansvaret til kommunane og det lokale handlingsrommet.

I brevet formidlar vi styringssignal gitt gjennom m.a. lovar, forskrifter, stortingsmeldingar og deira handsaming, rikspolitiske retningslinjer, rundskriv, statsbudsjett, dei tilhøyrande tildelingsbrev til statsetatane og kommuneproposisjonen.

Forventningane er utforma enten som krav/pålegg (må/skal) eller prioriteringssignal. Dette skiljet er sentralt, for å gjere tydeleg det kommunale handlingsrommet. Krav/pålegg er derfor merka særskilt.

Forventningsbrevet erstattar ikkje den løpande kommunikasjonen mellom staten og kommunane, men er eit årleg forsøk på å gi betre oversikt, heilskap og samanheng på strategisk nivå. Ved eventuelle vesentlege endringar gjennom året vil kommunane bli særskild informerte.

Brevet er heller ikkje ei fullstendig oppgåveliste. Det sentrale er nye eller justerte krav til kommunane og høgt prioriterte oppgåver, statlege satsingar, jf. mellom anna konsultasjonsordninga, og dessutan område der det er ønskeleg at resultatene til kommunane blir betre.

Vi oppmodar som alltid kommunane om å gi oss tilbakemeldingar om korleis vi kan gjere forventningsbrevet til eit enda betre hjelpedokument.

27. august 2024

Fred-Ivar Syrstad

fung. statsforvaltar i Vestfold og Telemark

1 utfordringar i Vestfold og Telemark

Dei siste åra har forvaltninga, framfor alt kommunane, synt ei framifrå evne til omstilling, innsats og til å finne løysingar. Denne evna er det trong for òg i tida som kjem, for utfordringane står i kø. Det blir ikkje minst krevjande for mange kommunar å sørge for at ressursane til tenesteproduksjon framover blir tilpassa endringane i innbyggjarane sine behov, når delen eldre aukar. I dette kapittelet omtalar vi nokre utfordringar kommunane særskilt bør vere merksame på framover.

1.1 Samfunnstryggleik og beredskap

Det ustabile tryggingpolitiske biletet etter invasjonen i Ukraina er i stor grad uendra det siste året, og framleis ei viktig ramme for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Samfunnskritisk infrastruktur langt vekk frå slagmarka er prioriterte mål for krigshandlingane, mellom anna kraftverk og knutepunkt for kraftforsyning og elektronisk kommunikasjon.

Hamas' angrep på Israel i oktober 2023, og dei påfølgande krigshandlingane i Gaza, har ytterlegare forsterka det ustabile tryggingpolitiske biletet i verda. Konflikten har eit potensial for spreiding av krigshandlingar som vil kunne påverke på verdsbasis både med omsyn til direkte humanitære konsekvensar, moglege flyktningstraumar, forstyrringar i verdshandelen og ikkje minst ei ytterlegare religiøs og politisk polarisering med fare for valdelege handlingar i land utanom regionen, inkludert Europa og Noreg.

Ekstremvêret Hans ramma Austlandet hausten 2023 og januarmånaden i 2024 med ei blanding av sterk kulde, store snømengder og glatte vegar på grunn av mildvêr. Det var ei ytterlegare påminning om at naturkreftene og klimaendringar framleis er ei utfordring vi må ha med oss i samfunnsplanlegginga og det løpande beredskapsarbeidet.

Omstillinga og taktskiftet vi no treng i samfunnstryggleiksarbeidet krev leiarforankring. Samstundes har vi fått mange nye toppleiarar innanfor politikk og administrasjon dei siste åra. Difor legg vi ved

eit eige brev om ansvar og rolle for kommunane i dagens beredskapsituasjon.

1.1.1 Styring og kriseleiing

Innanfor ei ny tryggingpolitisk ramme, der vi alle må vere budde på hybrid krigføring og mål om å ramme kritiske samfunnsfunksjonar som styring, ekom og kraftforsyning, blir det viktig at kommunane verdivurderar og sikrar informasjon eller tilgang som kan nyttast for slike føremål. Dette er det viktig å ta omsyn til ved revisjon og utarbeiding av nye risiko- og sårbarheitsanalyser og beredskapsplanar, der heile eller delar av desse kan måtte unntakas offentlegheita eller graderast etter tryggingsslova.

Kommunane har ei stor og viktig utfordring med å kunne nå fram til alle som oppheld seg i kommunen med hurtig og korrekt informasjon, både som motvekt til desinformasjon og ved sviikt i eller reduksjon av ekomtenester og kraftforsyning.

1.1.2 Trygge og robuste lokalsamfunn

Gjennom gode kunnskapsgrunnlag er det viktig å sikre at ny risiko ikkje vert skapt gjennom planlegging og utbygging, og at gode løysingar som sikrar mot eller reduserer konsekvensane av både naturfare og menneskeskapt fare vert valde. Befolkninga må oppmodast til å ha god eigenberedskap med grunnlag i nye og forsterka eigenberedskapsråd. Kommunane

må sikre ein tilsvarande beredskap i eigen verksemd og ha eit særskilt fokus på sårbare grupper.

1.2 Demografi


I Vestfold og Telemark hadde bykommunane og tettstadene jamt over størst absolutt vekst i folketalet i 2023. Samla hadde fylka eit monaleg fødselsunderskot. Det er difor netto tilflytting som syter for veksten i folketalet.

Innvandring har over fleire år vore særleg viktig i enkelte distriktskommunar, som elles ville hatt sterkare nedgang i folketalet.

Trenden er at busettinga blir sentralisert. Samstundes aukar delen eldre, særleg i dei grisgrendte områda. Slik har det vore ei

stund. Slik vil og utviklinga halde fram, etter SSB sine framskrivingar av folketalet.

Det er jamt over unge i fruktbar alder som flyttar til bynære strok, mens dei eldre er meir bufaste og blir igjen i distriktskommunane. Samla sett tyder dette at fleire kommunar bør planlegge for å møte ein nedgang i folketalet, og/eller endra samansetning av befolkinga.



Figur: Del 67 år eller eldre i 2050. Hovudalternativet i SSB sine framskrivingar av folketalet. Kjelde: SSB.

Mindre fødselskull vil til dømes påverke dimensjonering av barnehage- og skoletilbodet, mens auken i eldredelen vil krevje styrka innsats og omstilling til meir aldersvenlege lokalsamfunn. I om lag halvparten av kommunane i fylka vil minst 30 % av innbyggerane vere 67 år eller eldre innan 2050, etter SSB sine prognosar. Med ei

slik utvikling veks omsorgsbøra monaleg, dvs. at færre yrkesaktive må syte for ein auka del pensjonistar.

1.2.1 Kommuneøkonomi

Det var monalege variasjonar i rekneskapsresultata for kommunane i Vestfold og Telemark i 2023. Heile åtte kommunar hadde negative driftsresultat. Samstundes hadde seks kommunar netto driftsresultat høgare enn fem prosent, to kommunar til og med over 13 prosent.

Nokre kommunar hadde høge inntekter frå utbytter og sal av konsesjonskraft, medan andre kommunar hadde auka utgifter til mellom anna renter og strøm.

Balanserekneskapane viser at 13 av 23 kommunar hadde lågare disposisjonsfond ved utgangen av året enn ved starten. To kommunar har meirforbruk i balanserekneskapen ved inngangen til 2024. Kragerø kommune blei meld inn i ROBEK etter handsaminga av rekneskapen i mai.

Relativt færre i yrkesaktiv alder framover, jf. kap 1.2, vil kunne bety lågare vekst i skatteinntekter per innbyggjar enn i åra vi har bak oss. Det vil kunne gå ut over finansieringa av kommunesektoren.

Samstundes viser økonomiplanane for perioden 2024-2027 at mange kommunar planlegg med svake netto driftsresultat framover. Det gjer at fleire kommunar i fylket, hovudsakleg fleire av dei små og mellomstore med relativt låge utgiftskorrigerte frie inntekter, kan få store utfordringar med å finansiere og oppretthalde tenesteproduksjonen på same nivå og med same utforming som i dag, i åra som kjem.

Det er avgjerande at desse kommunane tilpassar omfang og kvalitet på tenestene *både* til behovet innanfor dei ulike sektorane, og til inntektene ein kan forvente å ha.

I tråd med demografiutviklinga vil det i praksis, for mange kommunar, bety at det blir nødvendig å fordele om ressursar frå andre tenester til helse- og omsorgstenester.

Vi vil her vise til brevet vi sendte til kommunane sommaren 2020; «Om

føreliggande og kommande budsjett- og økonomiplanar i kommunane». Her bad vi kommunane m.a. «vurdere behova for strukturendringar i tenestene [...] nøye ved kommande økonomiplanprosessar». Dette behovet har ikkje blitt mindre sidan 2020.

For ein kommune som må redusere sine utgifter vil ein billigare tenestestruktur innebere at behovet for reine kutt i bemanninga blir mindre enn det elles ville vore med ein dyrare struktur. Ein effektiv tenestestruktur kan såleis, innanfor dei inntektene ein kommune kan rekne med å ha, medverke til høgare omfang og standard på tenestene.

Likevel kan strukturendringar føre til velferdstap for nokre innbyggjarar, i hovudsak dei som blir direkte råka. Og t.d. skal ein kommune vurdere *barns beste* i saker om skolenedleggingar. Her minner vi om at desse vurderingane òg må vektast mot omsynet til andre innbyggjarar og deira tenester.

1.2.2 Kapasitet og kompetanse

Utfordringar knytt til rekruttering og kompetanse innanfor helse og omsorg varierer mellom kommunane, og er størst i kommunar med låge innbyggjartal og mindre sentral plassering. Enkelte distriktskommunar har store vanskar med å rekruttere sjukepleiarar, noko som blir særst utfordrande for drift av sjukeheimar og heimesjukepleia. Mangelen på vernepleiarar gjer seg òg gjeldande i mange kommunar.

Rekrutteringsproblema i kommunane gjer det vanskeleg å styrke helsefagleg kompetanse generelt. Mangelen på sjukepleiarar krev ofte bruk av dyre vikarbyråtenester, som i sin tur råkar kommuneøkonomien hardt. Mange kommunar har òg langvarige og aukande rekrutteringsvanskar for fastlegar. Dette er særleg uttalt i dei små kommunane i Telemark, men vanskan aukar òg i bykommunar. Vanskan knytt til fastlegeordninga gjer det krevjande å sikre

dei kommunale legevaktene med god nok kompetanse.

Det er kapasitetsutfordringar i nokre kommunar på område som landbruk, byggesak og arealplan.


1.3 Ungt utanforskap

Vestfold og Telemark var i 2022 det fylket som hadde den høgaste delen unge mellom 15-29 år ståande utanfor arbeid, utdanning eller arbeidsmarknadstiltak. Slik har det vore over litt tid.

Å stå utanfor samfunnet er først og fremst ei bær for den einskilde. Men utanforskap kan óg vere ein fare for demokratiet og medverke til lågare tillit til beslutningstakarar.

På den andre sida kan denne gruppa utgjere ein arbeidskraftreserve m.a. for kommunane, jf. kap. 1.2.2, om ein klarer å snu utanforskapet til inneinforsskap.

For å lukkast med dette vil samarbeid utover sektorgrensar vere avgjerande.



Figur: Del innbyggjarar mellom 15-29 år utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak i 2022. Kjelde: SSB.

1.4 Klimaomstilling

Vi må omstille oss til eit klima i endring. 2023 var endå eit år med lite nedbør på våren og tidleg sommar. Det førte mellom anna til at bøndene i Vestfold og Telemark opplevde avlingssvikt. Tørken førte også til stor skogbrannfare, og skogsdrift og skjøtselsaktivitet måtte tilpassast for å unngå skogbrann. Det var auka beredskap blant både skogeigarorganisasjonane, entreprenørane og brannvesena. Det er

sannsynleg at tørken førte til redusert tilvekst i skogen i vår del av landet, kor veksten kjem i gang tidleg i sesongen.

Sommaren 2023 la Regjeringa fram ein Stortingsmelding som inneheld Regjeringas plan for det nasjonale arbeidet med klimatilpassing (Meld. St. 26 (2022–2023) Klima i endring – saman for eit klimarobust samfunn). Planen inneheld tiltak i mange

sektorar, mellom anna samfunnstryggleik, landbruk, helse, samferdsel og bistand.

Vidare må vi omstille oss til eit samfunn med vesentleg lågare klimagassutslepp. Hausten 2023 la Klimautvalet fram ei utgreiing om kva vegval Noreg står overfor for å nå målet om eit lågutsleppssamfunn innan 2050 (NOU 2023:25 Omstilling til lågutslepp — Vegval for klimapolitikken mot 2050). Utvalet peikar på at omstillinga til eit lågutsleppssamfunn vil krevje ressursar som kraft, areal, naturressursar og arbeidskraft og kompetanse. Alle desse ressursane er knappe. Derfor må løysingane vere ressurseffektive, og ressursbruken i ulike sektorar må avvegast mot kvarandre. All økonomisk aktivitet må skje innanfor dei rammene naturen set.

Varetaking av natur er ein nødvendig premis for å handtere klimaendringar og

1.5 Oslofjorden

Tilstanden i Oslofjorden er framleis svært alvorleg. Fleire tiltak frå Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden er set i gang, men gjennomføringa må framleis styrkast framover. Det er ingen teikn til vesentleg betring av tilstanden til no. For å auka tempoet i arbeidet har regjeringa i 2024 løyvd 20 millionar meir til ei søknadsordning

redusere klimagassutslepp gjennom naturleg karbonlagring. Tap av leveområde er den største trusselen for artsmangfaldet. Tap av natur gir også auka risiko på mange andre sider av samfunnet. I vinter la naturrisikoutvalet fram ei utgreiing som beskriv naturrisiko og mellom anna vurderer korleis norske næringar og sektorar kan bli ramma av tap av natur og naturmangfald (NOU 2024: 2 I samspel med naturen — Naturrisiko for næringar, sektorar og samfunn i Noreg). Kunnskapen krev at vi omstiller oss.


FNs berekraftsmål peikar på miljømåla som sjølve grunnlaget og premissen for resten av berekraftsarbeidet.

for kommunane rundt fjorden, til planlegging og prosjektering av nye avløpsreinseanlegg med nitrogenreinsing. Totalbeløpet i ordninga er no 52 millionar kroner. Også innanfor miljøtiltak i landbruket er det løyvd 100 millionar kroner, der 20 millionar er øyremerkte Oslofjorden.

2 Statlege forventningar til kommunane

Statsforvaltaren er representanten til Kongen og regjeringa i fylket, og skal arbeide for at Stortinget og regjeringa sine vedtak, mål og retningsliner kan bli følgt opp.

Kommunen verkar i spenningsfeltet mellom ønsket til lokalsamfunnet for å styre eiga utvikling og ønsket til staten om å setje i verk nasjonal politikk på lokalt nivå. Kommunen skal både ivareta ein sjølvstyrefunksjon og ein forvaltingsfunksjon.



2.1 FNs berekraftsmål

FNs berekraftsmål er den felles arbeidsplanen i verda for å utrydde fattigdom, nedkjempe forskjellar og stoppe klimaendringane innan 2030.

Forventningane staten har til arbeidet i kommunane med berekraftsmåla er ikkje endra sidan i fjor, men for kvart år som går bør kommunane komme stadig lenger i å

implementere berekraftsmåla i eiga verksemd og styre utviklinga i ei retning som styrker alle dei tre dimensjonane – miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

Signaldokument: Mål med mening: Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030 (Meld.St.40).

2.2 Rettstryggleik og god forvaltning

Å sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå bidreg til å styrke berekraftsmål nr. 16. Varetaking av omsynet til rettstryggleik og fungerande institusjonar kan i nokre tilfelle komme i konflikt med omsynet til innovasjon og økonomisk vekst, som berekraftsmål nr. 8 og 9. Berekraftige løysingar er dei som avveg omsyna mot kvarandre og avgrensar konflikten mellom dei ulike måla.

For kommunar er det spesielt viktig å skilje mellom utøving av offentleg mynde og politikk. Det blir mellom anna fatta avgjerder som kan gripe langt inn i livet til den enkelte borgaren. Legalitetsprinsippet tyder at jo større inngrep dei ulike avgjerdene inneber, jo klarare skal heimelsgrunnlaget vere. Det gjeld dessutan fleire forvaltingsrettslege prinsipp for sakshandsaminga, irekna krav til at saker skal greiast ut, at dei blir handsama likt, føreseieleg og forsvarleg, at alle er gitt høve til å uttale seg, at man må halde seg til saka og rettsreglane m.m.

2.2.1 Spesielle forventningar på utvalde område

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova er ei viktig miljølov. Ved å treffe vedtak i samsvar med lova, bidreg kommunane med å ivareta FNs berekraftsmål.

Vi *forventar* at kommunane følger Statsforvaltaren sin sjekklister når det blir sendt over klagesaker.

Krav/pålegg: Det er eit krav i forvaltingslova at vedtak blir grunngitt konkret. Dette gjeld spesielt for dispensasjon og der kommunen avslår på grunn av skjønn, t.d. estetikk.

Krav/pålegg: Vedtak i politiske utval, som avvik frå innstillinga frå administrasjonen, må bli grunngitt konkret. Viss det blir vanskeleg å laga ei grunngjeving i møtet, kan saka t.d. utsettast.

Krav/pålegg: Det er eit krav i plan- og bygningslova § 21-7 at byggesaker blir handsama innan 12 veker.

Offentleglova

Krav/pålegg: Det er eit krav i offentleglova § 29 første avsnitt om at innsynskrav skal bli handsama "utan ugrunna opphald". Dette er gjerne same dag eller innan 1-3 arbeidsdagar. Dersom innsendar ikkje mottok svar innan 5 arbeidsdagar, er dette å rekne som eit avslag som kan klagast vidare til Statsforvaltaren.

Internkontroll etter kommunelova

Kommunelova § 25-1 inneheld en regel om internkontroll. Regelen gjeld i hovudsak for alle sektorar i kommunen, og skal utgjere ein ny heilskapleg regulering av internkontrollkrav med kommuneplikter. Kommunedirektøren er ansvarleg for at kommunen har ein internkontroll, og at denne skal gjelde administrasjonen si samla verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir følgt.

Kommunelova § 25-1 erstattar tidlegare reglar om internkontroll i sosialtenestelova, barnevernlova, krisesenterlova, folkehelselova, introduksjonslova, og opplæringslova, jf. Prop. 81 L (2019-2020).

Kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet

Lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet, som tredde i kraft 1. juli 2023, er både ei presisering og ei skjerping av plikta kommunen har til å ta bustadsosiale omsyn i plan. Vi *forventar* at kommunane tek omsyn til dei nye krava i planarbeidet sitt.

Krav/pålegg: Kommunane skal, etter lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 5 andre ledd, ha ei oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med planstrategien til

kommunen og fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet.

Helse, omsorg og sosial

Vi *forventar* at kommunane sørger for tilstrekkeleg opplæring av sine tilsette i sakshandsaming og tilhøyrande lovverk innanfor helse-, omsorg - og sosialområdet.

Krav/pålegg: Det er eit krav i helse- og omsorgstenestelova § 3-1 tredje ledd at kommunen har ei generell plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda slik at tenestens omfang og innhald er i samsvar med lov og forskrift. Innhaldet i denne plikta er nærare regulert i forskrift om leing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesten, kor det mellom anna kjem fram at kommunen må ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring, samt sørge for at

medarbeidarane i verksemda har nødvendig kunnskap om og kompetanse i det aktuelle fagfeltet, relevant regelverk, retningslinjer, rettleiarar og styringssystemet, jf. §§ 6f og 7b.

Krav/pålegg: Kommunen har etter sosialtenestelova § 6 ansvar for å gi nødvendig opplæring til alle tilsette ved NAV-kontoret som yter tenester og utfører oppgåver etter lova.

«Best for barnet»-vurderingar

Krav/pålegg: I saker som vedkjem barn må kommunane, i si sakshandsaming, kartlegge, vurdere og vektlegge alle tilhøve som sikrar at barnet sitt beste blir oppfylt, jf. Barnekonvensjonen artikkel 3 nr. 1. Ved barnet sitt beste-vurderingane skal det takast utgangspunkt i behova og føresetnadene til det enkelte barn.

Signaldokument: Barnets beste – en veileder for deg som jobber i NAV.

2.3 HMS og inkluderande arbeidsliv

Å fremme varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle bidreg til å styrke berekraftsmål nr. 8. Varetaking av slike omsyn kan komme i konflikt med miljøomsyn, som t.d. berekraftsmål nr. 12 fordi økonomisk vekst kan føre til auka forbruk. Berekraftig økonomisk vekst oppnår ein ved søke løysingar som avgrensar den negative effekten på natur og miljø.

På HMS-området gjeld forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid i verksemdar. Heimelsgrunnlaget i høvesvis arbeidsmiljø-, forureinings- og produktkontrolllova er særleg relevant.

2.3.1 Arbeidslivskriminalitet

Det offentlege er ein stor aktør med eit stort samfunnsansvar og som kan påverke andre aktørar i arbeidslivet. For å motverke

arbeidslivskriminalitet tilrår vi at kommunane vedtar sine egne seriøsitetsreglar til bruk i bygge- og anleggskontraktar og ei ordning for praktisk oppfølging og kontroll undervegs i kontraktsperioden. Innføring og oppfølging av seriøsitetsreglar, utvikling av betre kontrollsystem og meir aktiv innsats i leverandørutvikling vil vere viktige tiltak i kommunane.

2.3.2 Tilrettelegging og implementering av systematisk HMS-arbeid

Krav/pålegg: Kommunen som arbeidsgivar har krav om tilrettelegging og implementering av eit systematisk HMS-arbeid.

Hensikta med systemet er å sikre at problem blir oppdaga og tatt hand om i tide. Den som

leier verksemda har plikt til å sørge for at krava som regelverket stiller til HMS blir følgde systematisk opp. Oppfølginga skal gjerast i samarbeid med arbeidstakarane og representantane deira.

2.3.3 Bruk av bedriftshelsetenesta

Krav/pålegg: Bedriftshelsetenesta (BHT) skal bistå i det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet, og bidra til verksemdas arbeid med å førebygge arbeidsrelaterte helseplager, sjukdom og skade. Dette inneber å kartlegge arbeidsmiljøet, foreslå og gjennomføre førebyggjande tiltak. Bistanden skal være utløyst av risikotilhøve i arbeidsmiljøet, som kan ha betydning for arbeidstakaranes helse. Arbeidet skal være målretta, risiko- og kunnskapsbasert, og rettes mot reelle behov på den enkelte arbeidsplass.

Arbeidsgivar skal i samarbeid med BHT utarbeide dokumentasjon som skal inngå i verksemdas systematiske helse-, miljø og tryggingarbeid:

- Plan for BHT si bistand i verksemda. Planen må utformast slik at den konkretiserer kva BHT skal bistå med i de ulike einingane av kommunen. Dei konkrete risikotilhøva i einingane er førande for kva tiltak som skal gjennomførast.
- Årsrapport med oversikt over bedriftshelsetenesta si bistand i verksemda. Årsrapporten må utarbeidast på en slik måte at arbeidsgivar får kjennskap til kva som er gjort for å førebygge arbeidsrelaterte helseplager, sjukdom og skade, kva for tiltak BHT meiner må eller bør settast i verk, og korleis disse kan bli gjennomført.

2.3.4 HMS-opplæring for leiarar

Opplæring for leiarar er grunnleggjande for å kunne lykkast i HMS-arbeid.

Krav/pålegg: Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar skriftleg skal kunne dokumentere ei eller anna form for kvalifisert opplæring. Les på Arbeidstilsynets

nettsider om kva HMS-opplæringa skal innehalde.

2.3.5 Psykososiale problemstillingar, vald og truslar

Krav/pålegg: Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar skriftleg skal kunne dokumentere kartlegging og risikovurdering av risiko for muskel- og skjelettplager, psykiske plagar og risiko for vald og truslar. Arbeidsgivar må utarbeide og dokumentere handlingsplan med tiltak. Med omsyn til vald og truslar er det spesielle krav til kva som skal kartleggast jf. Forskrift om utførelse av arbeid § 23 A-1.

Psykososiale problemstillingar som konflikhtar, trakassering og mobbing er risikofaktorar i arbeidslivet, som kan gi alvorlege konsekvensar for helsa til arbeidstakarane. Vald og truslar synest òg å vere ei aukande problemstilling i kommunale einingar, spesielt i helse og sosial og i skulen. Studiar viser at ein rekke faktorar i arbeidsmiljøet har betydning for muskel-skjelettplager og psykiske plager. Basert på forskinga til Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) og internasjonal forskning, veit vi at mekanisk eksponering og organisatoriske- og psykososiale arbeidsmiljøfaktorar kan ha betydning for utvikling og forverring av muskel/skjelett og psykiske plager.

2.3.6 Opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og truslar

Krav/pålegg: Arbeidstilsynet stiller krav om at arbeidsgivar sikrar og dokumenterer at tilsette i utsette bransjar får opplæring og øving i førebygging og handtering av vald og truslar. Arbeidsgivar må sikre at tilsette får informasjon om risiko for vald og truslar og gjere rutinar kjend for dei tilsette.

Kva som blir sett på som «nødvendig» opplæring må vere i tråd med kva som blir vurdert som tilstrekkeleg for å ivareta

arbeidstakarvern og eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i den enkelte verksemda. Det er arbeidstakar som kan bli utsett for vald og truslar om vald i arbeidet som blir omfatta av kravet til opplæring og øving. Yrkesgrupper innan helse- og sosialtenester, undervisning, barnehagar og barnevern er definert som særleg utsette. Kva arbeidstakarar dette gjeld må vere basert på kartlegginga og risikovurderinga som er gjort etter § 23A-1.

Opplæringa skal sikre at arbeidstakar i utsette stillingar får kjennskap til risikoen for vald og truslar om vald, korleis risikoen blir

førebygd, og slik at arbeidstakar blir sett i stand til å forstå korleis vedkommande skal handtere vald og truslar om vald når det faktisk skjer.

Opplæringa må omfatte øvingar for å kunne handtere valds- og trusselsituasjonar, må tilpassast den enkelte verksemda og den aktiviteten som blir utført, inkludert endringar i arbeidet, og må gjentakast regelmessig. Les meir om krav og rettleiing på Arbeidstilsynet sine nettsider, og i Arbeidstilsynet sine kommentarar til regelverket.

2.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap bidreg til å styrke fleire av FN sine berekraftsmål. Særleg relevant er mål nr. 9 som handlar om å bygge ein solid infrastruktur, mål nr. 11 om å bygge trygge og robuste lokalsamfunn. Desse måla kan komme i konflikt med miljøomsyn som berekraftsmål nr. 15. Til dømes kan bygging av infrastruktur krevje omdisponering av natur. Berekraftige løysingar er dei som avveg omsyna mot kvarandre og avgrensar konfliktnivået mellom måla.

Kommunane er berebjelken i den nasjonale beredskapen. Dei har eit generelt og grunnleggande ansvar for å vareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i eller kjem til kommunen.

2.4.1 Øving og opplæring

Beredskapsplanar er på mange måtar førebuing til improvisasjon. Det må likevel ikkje bli ein grunn til ikkje å prioritere den innsatsen som tettjar gapet mellom planføresetnadene og det den einskilde krisehandteringa krev, inkludert opplæring og trening/øving, der planane vert testa. For å lukkast med dette i ein hektisk kvardag er det viktig at arbeidet er godt forankra og planlagt i god tid før gjennomføring.

Krav/pålegg: Kommunane skal ha eit system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering har tilstrekkelege kvalifikasjonar. Eit slikt system for opplæring skal inkludere ein plan for trening og øving.

Signaldokument: Forskrift om kommunal beredskapsplikt, § 7.

2.4.2 Samarbeid regionalt og lokalt

Kommunane må følge opp dei ulike rollene som ligg i den kommunale beredskapsplikta; å vere både myndigheit, verksemd og pådrivar. Bredda i og omfanget av aktørar som bør vere med gjer pådrivarrolla krevjande. Ei best mogleg utnytting av dei samla ressursane krev samarbeid både lokalt og regionalt.

Krav/pålegg: Kommunane må ta rolla som pådrivar for andre aktørar som kan og skal bidra i det felles arbeidet med å bygge trygge og robuste lokalsamfunn. Ei god og effektiv handtering av denne pådrivarrolla krev mellom anna samarbeid med andre kommunar.

Signaldokument: Forskrift om kommunal beredskapsplikt, § 1, 2. ledd og § 5.

2.5 Kommuneøkonomi

Ein forsvarleg kommuneøkonomi bidreg til å bygge eit samfunn med velfungerande og ansvarlege institusjonar, i tråd med FNs berekraftsmål nr. 16. Varetaking av økonomiske omsyn kan komme i konflikt med sosiale omsyn, som mellom anna berekraftsmål nr. 10. Berekraftige økonomiske løysingar kan bidra til å jamne ut forskjellar i samfunnet.

2.5.1 Planlegging av økonomi og tenester

Kommunane sitt ansvar for ei langsiktig økonomiforvaltning er understreka i kommunelova. I St.prp. 46L (2017-2018) legg Kommunal- og distriktsdepartementet til grunn at «reglene om økonomiforvaltningen (..) må ha som formål å trygge det finansielle grunnlaget for kommunenes produksjon av velferdstjenester».

Det er viktig at kommunane planlegg for ein tenesteproduksjon som er tilpassa både inntektene ein kan rekne med å ha og behova til innbygarane på kort sikt, jf. krava om budsjett og økonomiplan. Samstundes må spesielt avgjerder om investeringar ta omsyn til behova på lengre sikt enn ein økonomiplanperiode legg opp til. Det vil vere uheldig å investere i eit tenestetilbod som kommunen korkje rimeleg kan anta å ha inntekter til, eller innbygarane behov for, på lengre sikt.

Fleire kommunar har svak driftsbalanse og eit behov for å omstille tenesteproduksjonen. Dette er ikkje ei ny utfordring for kommunane. Vi viser til brevet til

2.6 Oppvekst

Arbeidet i kommunane med barns oppvekst og utdanning rører ved fleire av FNs berekraftsmål. Særleg relevant er mål nr. 4 som skal sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremme moglegheiter for livslang læring for alle. I tillegg kjem mål nr. 5

kommunane nemnd i kap. 1.2.1. Kommunane må både planlegge for å ha ei drift i balanse og framleis kunne gi tenester i tråd med lovkrava. Ei slik omstilling kan i nokre kommunar innebere så store reduksjonar i tenestekvaliteten at dei står i fare for å bryte med desse lovkrava. Kommunane bør vurdere om strukturendringar kan redusere behovet for reine innsparingar i tenesteproduksjonen.

Meir effektive strukturar i tenesteproduksjonen betyr at kommunane kan ha høgare bemanning og betre tenestekvalitet, enn om strukturane er mindre effektive.

Signaldokument: Kommunelova kapittel 14, Prop. 46L (2017-2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner, kapittel 20.

2.5.2 Bruk av styringsdata

God økonomisk planlegging føreset gode analysar, både på kort og lengre sikt. Bruk av styringsdata som KOSTRA, og tilgjengelege framskrivingar av til dømes demografi og folketal, vil gi eit godt grunnlag for analysane.

For å gi eit så godt avgjerdsgrunnlag for dei folkevalde som mogleg, bør analysar og styringsdata også brukast i styringsdokument som budsjettøkonomiplanar. Det er grunn til å tru at god bruk av styringsdata i styrings- og avgjerdsdokument bidreg til god økonomistyring i kommunane.

som fremmar likestilling og nr. 10 som hindrar forskjellar. Å fremme desse måla kan komme i konflikt med økonomiske omsyn, men òg andre sosiale omsyn. For kommunane gjeld det å balansere best mogleg mellom dei store sosiale sektorane,

innanfor dei økonomiske rammene. Her vil det altså vere tale om både økonomiske og politiske prioriteringar.

Den nye opplæringslova tredde i kraft 1. august 2024. Det er vedtatt lovendringar som skal medverke til å klargjere kva for rettar og plikter som gjeld, og lovendringar som skal gjere regelverket betre tilpassa dagens samfunn.

Kommunane må framleis følge opp arbeidet med barnevernsreforma. Førebygging og tidleg innsats er sentralt i reforma, og det forventast at dei ulike sektorane evner å samarbeide og samordne seg i laget rundt barna. Ein plan for førebygging av omsorgssvikt skal jobbast fram som eit verktøy for å nå måla om førebygging og tidleg innsats.

Norske kommunar har teke imot og busett eit historisk høgt tal flyktningar frå Ukraina. Det store fleirtalet barn og unge frå Ukraina får eit barnehage- og skuletilbod i samsvar med rettar og behov. Samstundes er det nokre utfordringar knytt til dimensjonering, kapasitet og kompetanse. Det vil vere viktig med ei auka satsing på kompetanse innan område som andrespråkpedagogikk, fleirspråklegheit og fleirkulturell opplæring.

Sjå [«Nytt til barnehage- og skolestart»](#) (Utdanningsdirektoratet).

2.6.1 Skole

Krav/pålegg: Kommunane som skoleeigar og skolane skal implementere ny opplæringslov, med tilhøyrande forskrifter, som vart gjeldande frå 1. august 2024.

Blant endringane er:

- Krav om betre overgangar frå ungdomsskolen til vidaregåande opplæring
- Krav om oppfølging av fråvær
- Tydeleggjering av PPT si rolle
- Elevane sin rett til medverknad
- Rett til eit skuledemokrati
- Styrka rettar til opplæring i språk
- Styrka informasjonsplikt

- Nye reglar om fjernundervisning
- Utviding av krav til politiattest

Krav/pålegg: Kommunane skal følge regelverket om Individuell tilrettelegging i ny lov kapittel 11. "Individuelt tilrettelagt opplæring" er eit nytt omgrep for den delen av den tidlegare spesialundervisninga som handlar om opplæring. Personleg assistanse og fysisk tilrettelegging av spesialundervisning, er skilde ut som egne rettar.

Krav/pålegg: Kommunen skal, innan tre månader etter at opplæringa har starta, føre tilsyn med barn som får heimeundervisning.

Det er innført eit krav om at kommunen skal vedta forskrift om reglar for permisjon frå grunnskoleopplæringa.

Det er også innført eit krav om at kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og forventa fråvær.

Krav/pålegg: Stortinget har vedteke ei endring i opplæringslova som gir tilsette i skolen og på SFO høve til å gripe inn fysisk mot elevar for å hindre skade på personar eller eigedom. Den nye lova set klare rammer for fysisk innblanding i tillegg til reglar om førebygging, dokumentasjon og meldeplikt.

Krav/pålegg: Skoleeigar skal tilby alle barn på [1., 2. og 3. trinn gratis SFO i 12 timar](#) kvar veke.

Auka kvalitet skal sikrast med [den nasjonale rammeplanen for SFO](#), som blei innført hausten 2021.

Ei evaluering viser at rammeplanen i lita grad har blitt ein integrert del av arbeidet i SFO, og mange tilsette opplever at det er for lite tid og ressursar til utviklingsarbeid. Samstundes er det eit stort behov for og ønske om auka kompetanse, noko som kan gjere rammeplanen betre integrert i arbeidet i SFO ([Fortsatt en vei å gå med rammeplan for SFO | udir.no](#)).

Regjeringa skal legge fram ei stortingsmelding om 5. - 10. trinn.

Hovudmålet for meldinga skal vere å utforske og beskrive korleis skolen i større grad kan vareta og fremme motivasjonen til elevane, meistring, læring og utvikling. Meldinga skal mellom anna sjå på korleis skolen kan bli meir praktisk og variert, slik at elevane kan lære meir og trivast betre (sjå meir på [regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)).

Det ser ut til at det på alle nivå framleis er stor oppslutning om innføringa av læreplanverket LK20. Evalueringa av fagfornyinga tyder på at mange skolar er godt i gang med arbeidet, men at det er variasjonar i kor langt dei har komme. Kunnskapsdepartementet ønsker å styrke arbeidet til skolane med fagfornyinga, og bidra til refleksjon og styrke ei felles forståing av intensjonane med fagfornyinga, spesielt med fokus på arbeidet med verdiløftet og dei tverrfaglege temaa, og til arbeid i og på tvers av fag.

Signaldokument:

- Prop. 57 L (2022–2023) – Ny opplæringslov (vedtatt i Stortinget 05.06.2023)
- Prop. 62 L (2023–2024) Endringer i opplæringslova og privatskolelova (kompetansekrav, faglig ansvar og bruk av fysisk inngripen for å avverge skade m.m.) Vedtatt av Stortinget 14. juni 2024.

2.6.2 Barnehage

Krav/pålegg: Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne.

Krav/pålegg: Kommunen skal sjå til at barnehageeigar følger opp endringar i barnehagelova når det gjeld nytt kapittel VIII om psykososialt barnehagemiljø.

Regjeringa har vedteke ny § 4 *Krav til styrer* i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar. Den regulerer når det kan gjerast unntak frå kravet om at

kvar barnehage skal ha ein styrar. Endringane tredde i kraft 01.08.2023.

Kunnskapsdepartementet har fastsett ei mellombels forskrift som opnar for etablering av mellombelse barnehagar og mellombels utviding av allereie godkjende barnehagar som følge av innkomst av fordrivne frå Ukraina. Med dei nye reglane kan kommunane innvilge søknader om mellombels godkjenning av nye ordinære barnehagar og utviding av godkjende ordinære barnehagar, og gi mellombels tilskot. Mellombels godkjenning og tilskot kan givast for inntil 3 år.

Signaldokument:

- Barnehagelova
 - Kapittel VI Personalet
 - Kapittel VII Spesialpedagogisk hjelp, tegnspråkopplæring m.m.
- Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø
- Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar
- Midlertidig forskrift om midlertidig godkjenning av ordinære barnehager og midlertidig tilskudd for enklere bosetting av fordrevne fra Ukraina og flyktninger - Lovdata.

2.6.3 Barnevern

Krav/pålegg: Kommunane skal samordne og samarbeide for å gi forsvarleg tenestetilbod til barn og familiar.

Kommunestyret skal ha ein plan for kommunens førebyggjande arbeid.

Barneverntenestene skal levere ein tilstandsrapport til kommunens administrative og politiske leiing kvart år.

Barneverntenesta skal rekruttere fosterheim i slekt og nettverk.

Barneverntenesta skal jobbe aktivt for å følge opp barn og foreldre etter plassering i fosterheim eller på institusjon. Kommunane skal sørge for at det gjennomførast tverrfagleg helsekartlegging av barn som vurderast å bli flytte ut av heimen.

Kommunane må legge til rette for at tilsette i barneverntenesta oppfyller kompetansekravet som trer i kraft 1. januar 2031.

Nasjonalt forløp for barnevern – kartlegging og utredning av psykisk, somatisk og seksuell helse, tannhelse og rus handlar om samarbeid mellom barneverntenesta og helsetenesta for å sikre eit godt og heilskapleg tenestetilbod.

Krav/pålegg: Nasjonalt forløp for barnevern skal implementerast i barneverntenesta og helsetenesta i alle kommunar.

Kommunane må legge til rette for å sikre godt kvalitetsarbeid, internkontroll og leiarutvikling i tenesta.

Barnevernstenesta skal følge opp barn på barnevernsinstitusjon og vurdere om barnet får hjelp i samsvar med kva som er målsettinga med opphaldet.

Satsinga frå Bufdir *bør* følgast opp.

For meir informasjon om forløpet:

- <https://www.bufdir.no/fagstotte/barnevern-oppvekst/forlop-barnevern/>
- <https://www.helsedirektoratet.no/nasjonale-forlop/barnevern>

Signaldokument:

- NOU 2020:14 «Ny barnelov — Til barnets beste»
- Prop. 133L (2020-2021) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-133-l-20202021/id2842271/>
- Prop. 222L (2020-2021) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-222-l-20202021/id2862099/>
- Nasjonal veileder: [Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier](#)
- [Forskrift om barnevernstjenestens oppfølging av barn på barnevernsinstitusjon \(oppfølgingsforskriften\)](#)

2.7 Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester

Lokale helse- og omsorgstenester og sosiale tenester bidreg til å styrke ei rekke av FNs berekraftsmål. Det primære er mål nr. 3 som skal sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder. God helse er ein grunnleggande føresetnad for menneskes høve til å nå det fulle potensialet sitt og for å bidra til utvikling i samfunnet. Å fremme desse måla kan komme i konflikt med økonomiske omsyn, men òg andre sosiale omsyn. For kommunane gjeld det å balansere best mogleg mellom dei store sosiale sektorane, innanfor dei økonomiske rammene. Her vil det altså vere tale om både økonomiske og politiske prioriteringar.

2.7.1 Helse- og omsorgstenester og folkehelse

Kommunane har ansvaret for å gi forsvarlege, individuelt vurderte helse-,

sosial- og omsorgstenester til alle sine innbyggjarar. For å møte dei demografiske utfordringane som ligg føre oss må kommunane dreie tenestene, og auke innsatsen for å utsette eller redusere behov for pleie- og omsorgstenester. Mangelen på helsepersonell gjer at kommunane også må prioritere innovasjon og strategisk planlegging.

Regjeringa har fleire ulike satsingar som alle skal bidra til å dreie innsatsen i helse- og omsorgstenesta mot auka førebygging og tidleg innsats.

Folkehelse

Vi *forventar* at kommunane prioriterer folkehelsearbeid og det førebyggjande arbeidet med fornya styrke i 2025, for å sikre framtidig berekraft i helse- og omsorgstenestene.

Helsepersonellkommissjonen har i si utgreiing NOU 2023:4 *Tid for handling* uttalt at riktig oppgåvedeling startar med folkehelsearbeid, førebygging, tidleg innsats, helsefremmande arbeid og styrking av befolkningas helsekompetanse. Slik kan den einiskilde pasient og brukar gjerast i stand til å ta vare på eiga helse og delta i eiga behandling. Dette vil også kunne bidra til å redusere behovet for helse- og omsorgstenester, og dermed redusere behovet for innsats frå helsepersonell.

På systemnivå er det viktigaste tiltaket å redusere sosiale helseforskjellar. God helse og trivsel gir styrke i seg sjølv. Ei effektiv organisering av arbeidet med å verne og fremme folkehelsa på tvers av sektorar bidreg også til å betre evna kommunen har til å handtere kriser.

Regjeringa la våren 2023 fram *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. I meldinga presenterer regjeringa den samla innsatsen for å fremme betre folkehelse og god livskvalitet i befolkninga. Den har seks hovudinnsatsområde som vi *forventar* at kommunen følger opp og tar inn i sine planar:

- dei samfunnsskapte vilkåra for god helse
- levevanar og førebygging av ikkje-smittsame sjukdommar
- psykisk helse og livskvalitet
- vern mot helsetruslar og rett til eit sunt miljø
- kommunikasjon og innbyggardialog
- førebyggjande arbeid i helse- og omsorgstenesta

Vi *forventar* at kommunane jobbar langsiktig og systematisk med sitt folkehelsearbeid og har god oversikt over dei lokale folkehelseutfordringane. Vi *forventar* vidare at kommunane nyttar kunnskapen til å sette i verk tiltak, og arbeider førebyggjande i alle sine tenester slik at alle innbyggjarane har gode føresetnader for eit godt liv med god helse. Det er viktig at kommunen har forankra folkehelsearbeidet i kommuneplanane sine, og at det blir lagt til

rette for ei aktivitetsvennleg samfunnsutvikling.

Psykisk helse må og bli inkludert som ein likeverdige del av folkehelsearbeidet. God folkehelse er fundamentet i helse- og omsorgspolitikken. Den blir oftast skapt utanfor helsetenestene og byggast gjennom heile livsløpet. Gode levevaner bør etablerast så tidleg som mogleg, og barn og unge er derfor ei viktig målgruppe for det systematiske og langsiktige arbeidet.

Krav/pålegg: Kommunen skal ha rutinar som sikrar at folkehelseoversikta etter folkehelselova § 5 annet ledd, skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi. Helse- og omsorgstenestene skal bidra i kommunens folkehelsearbeid, og inn i arbeidet med å utarbeide oversikt over helsetilstand og faktorar som kan påverke helsa jf. folkehelselova § 5.

Ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar *bør* inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 10-1.

Signaldokument: [NOU 2023:4 Tid for handling](#).

[Meld- St- 15 \(2022-2023\) Folkehelsemeldinga - Nasjonal strategi for utjamning av sosiale forskjellar](#)

Rus og psykisk helse

Det er frå 1. januar 2024 vedtatt ein [Forskrift for kartleggingsverktøyet Brukarplan](#), som nå også er godkjend av Datatilsynet. Kommunane *bør* vurdere å ta i bruk Brukarplan i planlegginga av tenester for menneske med rus og psykiske problem.

[Opptappingsplan for psykisk helse \(2023-2033\)](#)

Den 9. juni 2023 la regjeringa fram opptappingsplanen for psykisk helse. Meldinga har tre hovudinnsats-område:

- helsefremmande og førebyggjande psykisk helsearbeid
- gode tenester der folk bor

- tilbodet til personar med langvarige og samansette behov

Vi *forventar* at kommunane tar innsatsområda inn i planane sine, og at innsats og tenestetilbod blir utvikla i tråd med føringane i planen.

Vidare *forventar* vi at kommunane:

- prioriterer tverrfagleg førebyggjande innsats og tilgjengelege lågterskeltilbod
- arbeider førebyggjande for at psykiske helseplager ikkje utviklar seg til å bli psykiske lidingar
- sørger for at brukarar og pårørande får medverke i utforminga av tenestene, slik dei har rett til etter lova

Førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet

Regjeringa har satt i gang arbeidet med ei [Stortingsmelding om førebyggings- og behandlingsreform på rusfeltet](#), som skal publiserast i 2024. Føremålet med reforma er mellom anna å redusere negative konsekvensar for individ og samfunn og å førebygge rusmiddelbruk blant barn og unge. Her kjem føringar om at kommunane i større grad skal nytte oppsøkande metodikk for å komme tidleg i kontakt med særleg risikoutsett ungdom.

Veileder om psykisk helse barn og unge

Helsedirektoratet sin rettleiar *Tverrsektoriell veileder psykisk helse barn og unge, som ble lansert i oktober 2023*, tydeleggjer forventningane til kommunane om å samarbeide og handle på tvers av tenester, nivå og sektorar, og å inkludere arbeidet med rusproblematikk, vald og overgrep i arbeidet.

[Innsiktsrapport psykisk helsearbeid barn og unge](#) gir ei fagleg tilråning om at det skal vere ei eiga teneste til barn og unge, som har ansvaret for oppfølging og behandling av psykiske plagar, som er tverrfagleg samansett og kan kartlegge og vurdere psykiske plagar.

Vi *forventar* at kommunane prioriterer arbeidet med å førebygge psykiske helseplagar og utvikling av psykiske lidingar hos barn og unge. Kommunane skal og sikre systematisk medverking frå barn, unge og deira foreldre ved planlegging og utvikling av helsefremmande tiltak og psykiske helsetilbod til barn og unge i kommunen. I 2024 kjem [Nye nasjonale faglege råd for brukar- og pårørendemedverknad innan rus og psykisk helse](#) til hjelp i arbeidet med å utvikle treffsikre tenester.

Krav/pålegg: Kommunane skal ha oversikt over faktorar som påverkar oppvekstvilkåra og den psykiske helsetilstanden til barn og unge i kommunen, og sørge for at planar inneheld mål og strategiar for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet for barn og unges psykiske helse, jf. Folkehelseloven § 5 og Forskrift om oversikt over folkehelsa § 3.

Kommunen skal sørge for at brukarar og pasientar bli høyrd og får medverke i planlegging og utvikling av tiltak og tenester, jf. helse- og omsorgstenesteloven § 3-10. Dette gjeld også barn og unge, jf. FNs barnekonvensjon artikkel 12 og Barnelova § 31.

Signaldokument: [Meld. St. 23 \(2022-2023\) Opptappingsplan for psykisk helse.](#)

[Nasjonal veileder om psykisk helsearbeid barn og unge - Helsedirektoratet.](#)

Fellesskap og meistring – Bu trygt heime

Helse- og omsorgstenestene kan ikkje åleine løyse dei framtidige utfordringane som følger av den demografiske utviklinga. Bu trygt heime-reforma er bygd opp kring innsatsområda

- levande lokalsamfunn
- bustadtilpassing og planlegging
- kompetente og myndiggjorde medarbeidarar
- tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

Betre planlegging, styrka førebygging og meir målretta tenester skal bidra til at eldre

kan bu trygt heime lenger, og at behovet for helse- og omsorgstenester blir utsett. Vi *forventar* at kommunane følger opp måla i reforma, og har et særleg fokus i planane sine på å legge til rette for at eldre som kan og vil skal kunne bu lengre heime.

Å planlegge for eit aldersvenleg samfunn er avgjerande i møte med demografi-utfordringane. Ei slik planlegging kjem alle innbygarane til gode. Bygningar og fysiske omgivnader skal vere utforma slik at dei er tilgjengelege for alle. Aldersvennlege samfunn har også god samordning av bustadutvikling og tilgang på tenestetilbod.

Signaldokument: Meld. St. 24 (2022-2023) [Bu trygt heime](#).

Nasjonal helse- og samhandlingsplan

1. mars 2024 lanserte regjeringa *Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027 – Vår felles helseteneste*. Planen erstattar Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023, og legg rammer for både sjukehusa og kommunehelsetenestene. Planen har seks hovudgrep som skal gjere helsetenesta meir berekraftig og sikre at innbygarane har tilgang på gode tenester:

- Rekruttere og halde på personell med riktig kompetanse
- Endre finansieringsordningane mot meir rammefinansiering av spesialisthelsetenesta og betre rammevilkår for investeringar i sjukehus
- Prøve ut og innføre nye organiseringsformer for å skape meir samanhengande tenester og betre bruk av personell
- Ny strategi for digitalisering av helse- og omsorgstenestene
- Forenkle og tydeliggjere regelverk for å gjere det enklare for fagfolka å bruke tida til å hjelpe pasientane, dele informasjon og forske
- Ein attraktiv og framtidsretta allmennlegeteneste med kapasitet, kvalitet og betre oppfølging av pasientar med samansette behov.

Vi *forventar* at kommunane

- bidreg aktivt inn i Helsefellesskapet med å utvikle samanhengande tenester på tvers av nivå
- tar i bruk teknologi og digitaliserer for å skape berekraftige helse- og omsorgstenester

Vi ber kommunane merke seg at rettleiaren inneheld omtale av dei to nye punkta i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd (pkt. 12 og 13) med føringar for kva samarbeidsavtalane skal omfatte frå og med 1. juli 2023.

Vi *forventar* at kommunane tar aktivt del i arbeidet med avtala, og held fram med å utvikle tenestene til dei fire prioriterte pasientgruppene i helsefellesskapa: Barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar.

I revidert nasjonalbudsjett 2024 løyva Stortinget tilskot til å finansiere tiltak som kan styrke samhandlinga mellom kommunane og spesialisthelsetenesten: [Regjeringa styrker samhandlingen mellom kommuner og sykehus - regjeringen.no](#).

Krav/ pålegg: Kommunar og helseføretak må avtale konkret korleis dei saman skal planlegge og utvikle tenester, jf. Helse- og omsorgstenestelova § 6-2, punkt 12.

Signaldokument: Rettleiar til lov og forskrift [Samarbeidsavtaler mellom kommuner og helseforetak - Helsedirektoratet](#)

Meld. St. 9 (2023-2024) [Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024-2027](#) Vår felles helseteneste.

Strategisk kompetanseplanlegging

Betydninga av strategisk kompetanseplanlegging er framheva m.a. i Kompetanseløft 2025 og Opptrappingsplanen for heiltid og god bemanning. Vi oppmodar kommunane til å legge vekt på arbeidet med strategisk kompetanseplanlegging for å

- sikre nødvendig kompetanse og kapasitet innan pleie og omsorg

- sikre tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet innan førebygging, tidleg innsats og rehabilitering
- samarbeid med utdanningssektoren og helsefelleskapet om utvikling av utdanningsforløp

Krav/pålegg: Planlegginga skal skje i tråd med Lov om folkehelsearbeid § 6 og i tråd med berekraftsmåla i § 1 i Plan- og bygningsloven.

Signaldokument: Rettleiar om [Oppfølging av personer med store og sammensatte behov - Helsedirektoratet](#).

[Opptrappingsplan for heltid og god bemanning i omsorgstenesten](#).

Tildeling av kommunale helse- og omsorgstenester

Kommunen sine innbyggjarar har rett på nødvendige helse- og omsorgstenester, i samsvar med Pasient- og brukarrettslova §2-1a, og kommunen har, etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, plikt til å sørge for nødvendige og forsvarlege tenester.

Vi er kjende med at fleire kommunar må avgrense tildelinga si av tenester til det absolutt lovpålagde, og at fleire reduserer tenestenivået sitt. Dette kan både vere ei ønskt dreining av tenesteform, men også på grunn av økonomi. Vi ser at fleire har kommunestyrevedtak som set ein standard for tenestenivå og tildeling. Vi vil presisere at det må gjerast ei individuell vurdering av kvar enkelt søker sitt behov for tenester før det fattast ei avgjerd. Det krev god forvaltningskompetanse hos saksbehandsamane i kommunen, og at sakshandsamingsreglar blir følgde.

Signaldokument: [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\) - Kapittel 2. Rett til helse- og omsorgstenester og transport - Lovdata](#)

[Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. \(helse- og omsorgstenesteloven\) - Kapittel 3.](#)

[Kommunenes ansvar for helse- og omsorgstenester - Lovdata](#)

[Veileder for saksbehandling av tjenester etter helse- og omsorgstenesteloven.pdf \(helsedirektoratet.no\)](#)

2.7.2 Sosiale tenester i NAV Barne- og familieperspektivet i NAV

Vi *forventar* at kommunane er spesielt merksame på tilhøve som har noko å seie for oppvekstvilkåra for barn og unge ved handsaming av søknad om økonomisk stønad. Barn som veks opp i hushald med låginntekt har auka fare for å oppleve at dei ikkje har dei same gode som andre barn.

Barn og unge skal sikrast ein trygg oppvekst og kunne delta i alminnelege skule- og fritidsaktivitetar, uavhengig av om foreldra har ein vanskeleg økonomi.

NAV-kontoret har ansvar for å ta vare på behovet til barn og unge i kartlegginga av hjelpebehovet og i utmåling av økonomisk stønad til familien.

Det følger av Barnekonvensjonen artikkel 3 at omsynet til barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. Føremålet med sosialtenestelova er mellom anna at lova skal bidra til at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod, jf. § 1.

Krav/pålegg: Kommunane må kartlegge barna sine behov når familien søker om økonomisk stønad. Det følger av sosialtenestelova § 43, jf. forvaltningslova § 17, at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før det treffest ei avgjerd.

Signaldokument: Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova. Barnets beste – en veileder for deg som jobber i NAV.

Kvalifiseringsprogrammet

Kvalifiseringsprogrammet er eit viktig verkemiddel i sosialtenestelova for å hjelpe

personar som treng individuelt tilpassa oppfølging til å komme i arbeid.

Det er utvikla eit verktøy for å styrke arbeidet i kommunen med å kartlegge og identifisere deltakarar til kvalifiseringsprogrammet. Vi *forventar* at kommunane brukar verktøyet til å identifisere aktuelle deltakarar, og at kommunen gir tilbod om program til de som fyller vilkåra.

Krav/pålegg: Det følger av sosialtenestelova § 29 at brukarar som fyller vilkåra har rett til program.

Signaldokument: Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova.

Økonomisk rådgjeving

Barn, unge og familiar i vanskelege livssituasjonar er særleg utsett for den tilleggsbelastninga dei auka prisane i samfunnet medfører. Personar som har utfordringar med privatøkonomien sin vil ofte også få problem med særleg helse, bustad og forsørgaransvar. Vi *forventar* at kommunane har ei synleg og tilgjengeleg teneste på økonomisk rådgjeving for alle som har behov for det. Det betyr å gi råd og rettleiing om alt frå dagleg økonomi til større gjeldsproblem. Vi *forventar* at leiinga sørger for at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse for å kunne vareta denne viktige oppgåva, under dette også vere i stand til tidleg nok å kunne avdekke og førebygge økonomiske og sosiale problem.

Krav/pålegg: Det følger av sosialtenestelova § 17 at kommunen skal gi opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem. Det skal fattast skriftleg vedtak på tenesta.

Signaldokument: Rundskriv R35-00 til sosialtenestelova. Veileder til sosialtenestelova § 17: Hvordan fatte vedtak på tjenesten opplysning, råd og veiledning?

2.7.3 Bustadsosialt arbeid

Gjennom lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet (boligsosiallova), har

kommunane ei plikt til å gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Føremålet med lova er å førebygge bustadsosiale utfordringar og at vanskelegstilte på bustadmarknaden skal få bistand til å skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Lova gir ikkje den eindskilde rett til ein bustad.

Vi *forventar* at kommunen har eit tilbod som gjer kommunen i stand til å gi individuelt tilpassa bistand til dei vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Krav/pålegg: Kommunen skal, etter lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet § 6, gi individuelt tilpassa bistand til vanskelegstilte på bustadmarknaden. Ei avgjerd om å gi eller avslå bistand, skal fattast i form av eit skriftleg enkeltvedtak, jf. § 7.

2.7.4 Husbanken

Husbanken skal førebygge at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, og bidra til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

Bustadmeldinga

15. mars la regjeringa fram «Bustadmeldinga – ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet» (Meld. St. 13). Meldinga inneheld fire innsatsområde:

- Fleire skal få høve til å eige eigen bustad
- Leigemarknaden skal vere trygg og føreseieleg
- Ta vare på bustadene vi har, og bygge dei me treng
- Forsterka innsats for dei som ikkje sjølve klarer å skaffe seg og behalde ein eigna bustad

Startlån

Ei viktig ordning er startlån frå Husbanken. Der kan dei som ikkje får lån eller ikkje tilstrekkeleg lånebeløp for å skaffe seg ein eigna bustad få hjelp. Husbanken låner ut midlar til kommunane, så gjer kommunane

jobben med å låna ut pengar til dei som har dei største behova.

Startlån er det viktigaste bustadpolitiske verkemiddelet for å hjelpe fleire inn på bustadmarknaden.

2.8 Integrering

Arbeidet med integrering av flyktningar frå Ukraina rører ved ei rekke av FN's berekraftsmål. I denne samanhengen er det mest relevant å peike på mål nr. 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn; alle må få tilgang til tilstrekkelege, trygge og overkommelege stader å bu, og flyktningar må inkluderast i samfunna. I tillegg bidreg god integrering til å styrke berekraftsmål nr. 16 som skal fremme fredelege og inkluderande samfunn, sørge for tilgang til rettsvern for alle, og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Krav/pålegg: Kapittel 6A Midlertidige reglar for fordrevne frå Ukraina. Dei mellombelse føresegnene i kapittel 6A tredde i kraft 15. juni 2022. Ordninga med mellombels kollektivt vern for personar fordrevne frå Ukraina etter utlendingslova § 34 vart

2.9 Utsette barn og familiar

Arbeidet med å styrke utsette barn og unge og familiare deira bidreg til å styrke ei rekke av FN sine berekraftsmål. Både mål nr. 10 om å fremme mindre forskjellar, nr. 4 om god utdanning til alle og nr. 1 om å redusere talet på familiar som lever i fattigdom er relevante tema. Å fremme desse måla kan komme i konflikt med økonomiske omsyn, men òg andre sosiale omsyn. For kommunane gjeld det å balansere best mogleg mellom dei store sosiale sektorane, innanfor dei økonomiske rammene. Her vil det altså vere tale om både økonomiske og politiske prioriteringar.

Signaldokument: Bustadmeldinga – ein heilskapeleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet (Meld. St.13)

vedtekne 11. mars 2022 og gjeld personar som forlét landet etter krigsutbrotet 24. februar 2022. Kommunane skal ta i bruk dei mellombelse føresegnene i kapittel 6A.

Fylkeskommunane har ansvar for å tilrå kor mange flyktningar som bør busettast i kommunane i fylket. Fylkeskommunane må lage planar for kvalifisering av innvandrarar og sørge for et tilbod om karriererettleiing.

Signaldokument:

- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova)
- Forskrift til integreringslova (integreringsforskrifta)
- Prop. 107 L (2021–2022): Midlertidige endringer i lovverket som følge av ankomst av fordrevne fra Ukraina.

Lovendringane i velferdstenestelovgivinga (samarbeid, samordning og barnekoordinator) ble vedtatt i juni 2021. Føremålet med endringane er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge og familiare deira gjennom auka samarbeid mellom velferdstenestene.

Krav/pålegg: Kommunane skal sørge for harmonisering og styrking av reglane om samarbeid og individuell plan, innføring av ein samordningsplikt for kommunen ved yting av velferdstenester, innføring av ein rett til barnekoordinator, og dessutan utviding av ordninga til helse- og

omsorgstenesta med lovpålagte samarbeidsavtalar.

Krav/pålegg: Kommunane skal sørge for å ha eit godt samarbeid om tenester som er retta mot utsette barn og familiar, arbeidet må vere samordna og godt koordinert.

Leiinga i kommunen *bør* sikre at tilsette som arbeider med barn og unge har generell kunnskap om vern- og risikofaktorar, teikn og signal, slik at dei tidleg kan identifisere dei som lever i ein risikosituasjon.

Kommuneleiinga *bør* sørge for at relevante verksemdar, der tilsette møter barn og unge i det daglege arbeidet sitt, har rutinar for korleis dei tilsette kan handle på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge.

2.10 Miljø

Miljø er den eine av dei tre overskyggjande berekraftsdimensjonane, saman med økonomi og sosiale forhold. Relevante berekraftsmål er nr. 6, 13, 14 og 15. Varetaking av miljøomsyn kan komme i konflikt med mellom anna mål nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, og dessutan mål nr. 7 om rein energi. Utbygging av fornybar energi er ein nødvendig del av det grøne skiftet, men er ofte svært arealkrevjande og fører til nedbygging av viktig natur. Berekraft blir oppnådd gjennom å søke løysingar som avgrensar konflikten.

2.10.1 Natur

Bevaring og styrking av økosystema til naturen blir stadig oftare trekt fram som ein grunnleggjande premiss for å nå internasjonale mål om reduksjon av klimagassutslepp og handtering av klimaendringar. Ein fersk NOU har óg peika på kva risiko naturtap utgjør for økonomisk verksemd og menneskeleg velferd. (2024:2, I samspel med naturen— Naturreisiko for næringar, sektorar og samfunn i Noreg).

Leiinga i kommunen *bør* sikre at dei verksemdene som arbeider med barn, unge og foreldre deira i det daglege, har avtalar om samarbeid på systemnivå som sikrar oppfølging av involverte barn og unge.

Krav/pålegg: Kommunane må ha nok og relevant kunnskap om god praksis, relevante verkøy og tiltak når det gjeld tverrsektorielt arbeid mot fattigdom i barnefamiljar.

Signaldokument:

- Prop. 100 L (2020–2021) Endringar i velferdstjenestelovgivning (samarbeid, samordning og barnekoordinator)
- Nasjonal fagleg retningsline - Tidleg oppdaging av utsette barn og unge

Vi *forventar* at kommunane prioriterer varetaking av natur stadig høgare når avgjerder skal treffast. Særleg *forventar* vi at kommunane gjennom arealforvaltninga aktivt førebygger tap av biologisk mangfald og nedbygging av leveområda til artane. Vi viser til kap. 2.12 om natur i arealplanlegging.

Signaldokument: Naturmangfaldlova §§ 8-12, Vassressurslova § 11, Veileder for kantsone langs vassdrag (NVE veileder nr 2-2019), Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, Handlingsplan mot skadelige fremmede arter i Vestfold og Telemark (sept. 2020), Meld. St. 14 (2015–2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold. Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein. Oppfølgingsplan for tua natur. Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven.

2.10.2 Forureining

Kommunane har fleire myndigheitsområde og pliktar etter forureiningsregelverket, mellom anna innan avløp, avfall, forureina luft og grunn. Miljødirektoratet har ansvar

for å gi kommunane ei heilskapleg, nettbasert rettleiingsteneste på miljøområdet. Vegvisaren i kommunal planlegging og miljøforvaltning finst på nettstaden www.miljodirektoratet.no.

Vi *forventar* at ansvaret for miljø og forureining er avklarte og tydeleg plassert i kommunane.

Signaldokument: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid i verksemdar.

Avløp

Klimaendringar, arealendringar og vekst i folketalet aukar belastninga på avløpsinfrastrukturen. Vi *forventar* at kommunane planlegg og legg til rette for tiltak på avløpsnett som avgrensar forureiningar på avege og reduserer mengd av framandvatn til reinseanlegga. Kommunane må styrke innsatsen med tilsyn og oppfølging av krav i løyve til utslepp av avlaupsvatn.

“Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden” syner at fleire område av Oslofjorden har for stor tilførsel av nitrogen. Reinsing av nitrogen ved avløpsreinseanlegga er eit av tiltaka som skal gjennomførast for å betre situasjonen i Oslofjorden. Vi har pålagt kommunar med utslepp i nedbørsfeltet til Oslofjorden, å utgreie handlingsrommet til kommunen for å få på plass nitrogenfjerning som reinseløysing for kommunalt avløpsvatn i tettbygde område med over 10.000 pe innan 2030/2031.

Vi oppmodar kommunane om å ta kontakt med oss for meir informasjon og rettleiing om dette viktige temaet.

Vi ser positivt på samarbeid mellom kommunane for å oppnå betre og raskare reinsetiltak for utslepp av kommunalt avløpsvatn til Oslofjorden. Samarbeid mellom kommunar om å etablere nitrogenfjerning *bør* avklarast så raskt som mogeleg. Vi vil halde fram arbeidet med fornying av løyva for aktuelle reinseanlegg og *forventar* samarbeid med kommunane om dette viktige temaet.

Krav/pålegg: Alle avløpsanlegg i kvar einskild kommune skal oppfylle reinsekrav i forureiningsforskrifta slik at miljømåla etter vassforskrifta kan nåast innan 2027, og seinast innan 2033. Det går fram av dei nasjonale føringane for arbeidet med oppdatering av dei regionale vassforvaltingsplanane, frå Klima- og miljødepartementet av 19. mars 2019.

Signaldokument: Forureiningsforskrifta kap. 12, 13 og 14, Forureiningsforskrifta kap. 15A, Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden, Regional vassforvaltningsplan.

Avfall

I forventningsbrevet i fjor informerte vi om at kommunane frå 2023 må legge til rette for kjeldesortering av matavfall, park- og hageavfall, og plastavfall. Målet er å auke materialgjenvinning av visse typar avfall. Innan 2035 skal 70 prosent av matavfall og 70 prosent av plastavfall bli utsorterte ved kjeldesortering.

Nye krav til utsortering, separat innsamling og materialgjenvinning eller førebuing til ombruk av papp, papir, glas- og metallemballasje og tekstilavfall for både hushaldsavfall og næringsavfall som liknar hushaldsavfall blir også gjeldande.

Dei nye krava gjeld frå 1. juni 2024, med unnatak av kravet til tekstilar, som vil gjelde frå 2025.

Riktig gjennomføring og overhald av krava er viktig for å trygge betre ressursutnytting, betre vern av miljøet og for å redusere klimagassutslepp.

Krav/pålegg: Kommunane skal sørge for at private hushald har tilgjengelege sorteringsløyisingar for dei ulike avfallsfraksjonane. Både hente- og bringeordningar vil kunne oppfylle dette kravet.

Signaldokument: Avfallsforskrifta kap. 10a

Snøhandtering

Snø frå brøyting kan innehalde helse- og miljøskadelege stoffar, mikroplast, sand,

slam, grus, salt og anna avfall. Feil handtering av forureina snø kan få negative konsekvensar for miljøet, og deponering av snø frå brøyting kan føre til ulovleg forureining.

Snødeponi kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det kan og vere behov for løyve etter forureiningslova på grunn av fare for forureining. Vi *forventar* at kommunen set av og regulerer nødvendige areal til snødeponi, og eventuelt søker løyve til snødeponi så snart som mogleg.

Krav/pålegg: Kommunen som vegeigar skal ha ein plan for handtering av overskottssnø og halde seg til gjeldande regelverk.

Signaldokument: Forureiningslova §§7, 28, Vassforskrifta §4-6, Plan- og bygningslova § 20-1 første ledd, bokstav a og Miljødirektoratets veileder «Håndtere snø fra brøyting».

2.11 Landbruk

Eit berekraftig landbruk er vesentleg for fleire av berekraftsmåla. Mellom anna vil matproduksjon bidra til å utrydde svolt (mål nr. 2), skogsdrift kan auke lagring av karbon og dermed bidra til å stoppe klimaendringane (mål nr. 13). Landbruksdrift kan komme i konflikt med berekraftsmåla 6 (reint vatn), 14 (livet i havet), og 15 (livet på land). Å tilpasse landbruksdrifta og søke etter ein god balanse mellom varetaking av dei ulike berekraftsmåla bidreg til å oppnå berekraft.

2.11.1 Berekraftig eigeomsforvaltning

Kommunen har ei sentral rolle i arbeidet for ein heilskapleg bu- og bygdepolitikk. Vi *forventar* at kommunen vurderer pris i konsesjonsaker i tråd med departementet sitt rundskriv.

Signaldokument: Lov om jord og konsesjonslova, Landbruks- og

Statsforvalterens nettside: [Håndtering av overskuddssnø | Statsforvalteren i Vestfold og Telemark](#)

2.10.3 Vassforvaltning

Regional vassforvaltingsplan for Vestfold og Telemark vassregion for perioden 2022-2027 vart godkjend av klima- og miljødepartementet 31.10.22.

2024 er rapporteringsår for tiltaka i planen, og vi *forventar* at kommunane aktivt tek i bruk sine verkemiddel til å følge opp sine eigne tiltak. Dette gjeld særleg innan vatn- og avløp, landbruk og arealplanlegging.

Signaldokument: Vassforskrifta, Regional plan for vassforvaltning 2022-27, Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden.

matdepartementets rundskriv M-1/2021, M-2/2021, M-3/2002 og M-35/1995.

2.11.2 Tilskotsforvaltning og kontroll

Kommunen forvaltar ei rekke økonomiske verkemidlar på vegne av staten.

Krav/pålegg: Sakshandsaminga i kommunane skal sikre likehandsaming og rettstryggleik i tilskotstildelinga, og at tildelinga skjer i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Det er kommunane sitt ansvar å utføre forvaltingsoppgåver på ein forsvarleg måte, og etablere system og rutinar med innebygd internkontroll.

I våre forvaltingskontrollar med kommunane vil internkontrollsystem ha stor merksemd.

Signaldokument: Reglement for økonomistyring i staten §§ 14 og 15.

Regionale miljøkrav i jordbruket

Forslag til regional forskrift med pålagde miljøkrav i jordbruket i Vestfold og delar av Telemark er på høyring i andre halvdel av 2024. Etter planen vil dei regionale miljøkrava tre i kraft 1. januar 2025. Miljøkrava inneheld tiltak som skal redusere avrenning av jord og næringsstoff til innsjøar, vassdrag og til Oslofjorden.

Krav/pålegg: Kommunane skal føre kontroll med at gardbrukarane oppfyller miljøkrava.

Ny gjødselbrukforskrift

Ny nasjonal forskrift med reglar for lagring og bruk av alle slag gjødsel er på høyring i 2024. Dei endringane som er lagde fram inneheld fleire reguleringar for lagring og bruk, med formål å redusere avrenning av næringsstoff til innsjøar, vassdrag og til Oslofjorden. Planen er at den nye forskrifta skal tre i kraft 1. januar 2025. I forslaget til ny forskrift er kommunen tillagd nye forvaltningsoppgåver.

Autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmidlar

Landbruks- og matdepartementet har oppdatert instruksene sin om delegering av oppgåver til kommune og statsforvaltar. Oppgåvene i kommunen rundt vurdering av det yrkesmessige behovet for autorisasjonsbevis er vidareført. I tillegg er kommune og statsforvaltar tillagd oppgåva med å halde og vere til stades under eksamen. Vi *forventar* at nokre kommunar ved behov kan hjelpe til med dette. Det vil bli gitt opplæring.

2.11.3 Næringsutvikling

Kommunen blir oppmoda til å mobilisere til næringsutvikling i landbruket. Regionalt næringsprogram for landbruket i Vestfold og Telemark 2019-2022 (RNP 2019-2022) vart i stort mon vidareført til kvart fylke fekk utarbeidd nye. I det regionale næringsprogrammet ligg dei lokale og regionale føringane. I tillegg har vi

stortingsmeldingane og dei nasjonale strategiane.

Vi *ønsker* å støtte kommunane sitt arbeid med næringsutvikling. Kommunane har brei lokalkunnskap samstundes som dei og har ansvar for tilskotsordningane.

Signaldokument:

- Meld. St. 11 (2023-2024) Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket
- Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018-2030
- Økologiprogram 2019-2030
- Dyrk byer og tettsteder: Nasjonal strategi for urbant landbruk
- Strategi: Matnasjonen Norge
- Nasjonal Reiselivsstrategi 2030
- Mål med mening; Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030
- Grøntsektoren mot 2035, Rapport fra rådgivende utvalg for innovasjon, vekst og økt norskandel i grøntsektoren
- Nasjonalt program for jordhelse, rapport nr. 13/2020

2.11.4 Vernskog

Vi har i oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet å revidere forskriftene om vernskog mot fjell og kyst. Arbeidet skal gjerast etter Landbruksdirektoratet si rettleiing i rapport 23/3-31, «Forvaltning av vernskog - Veileder for revisjon av vernskoggrenser og forvaltning av vernskog».

Nye vernskoggrenser og -forskrifter skal fastsettast av Statsforvaltaren i samråd med kommunane. Kommunane må difor gjere eit arbeid med å vurdere eksisterande vernskoggrenser og eventuelt foreslå nye grenser, slik det er skissert i brev frå Statsforvaltaren juni 2024.

Vi *forventar* at kommunane prioriterer arbeidet med vernskoggrenser og gir innspel til behov for vernskog, vernskoggrenser og

forvaltingsreglar for vernskogen i kommunen.

Signaldokument: Skogbrukslova, Rettleiing frå Landbruksdirektoratet i rapport 23/3-21, brev frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 15. juli 2024.

2.11.5 Ungskogpleie

Føremålet med skogbrukslova er "å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen". Det er semje i skogbruket om at det vert gjennomført langt mindre ungsogpleie enn det reelle behovet. Det er viktig at skogareal som er tatt i bruk til aktiv skogproduksjon gjennom hogst vert følgd opp med skogkulturtiltak, slik at tilveksten av råstoff til CO₂-binding og tømmerindustrien vert halde oppe. I 2023 fastsette kommunane i samråd med skogeigarsamvirka og Statsforvaltaren konkrete mål for ungsogpleieaktiviteten i kvar kommune i form av areal i dekar per år det bør utførast ungsogpleie på.

Vi *forventar* at kommunane aktivt følger opp aktivitetsmålet som er sett for ungsogpleie i kommunen og bidreg til auka skogkulturaktivitet i kommunen.

Signaldokument: Skogbrukslova, forskrift om berekraftig skogbruk

2.11.6 Bruer i skogsbilvegnettet

Kommunane og Statsforvaltaren har dei siste åra samarbeidd om prosjekt kor alle bruene i skogsbilvegnettet i Telemark og Vestfold blir inspisert. Mange bruer har behov for vedlikehald, ombygging eller utskifting, om dei skal kunne nyttast til sikker tømmertransport.

Kommunane *bør* stimulere til at veigeigarar rustar opp bruer som ikkje er trygge og oppmode veigeigar til å søke om ombygging av bruer og tilskot til ombygging av bruer i god tid før arbeidet er tenkt gjennomført.

Kommunen må sørge for at nye søknader blir lagt inn i «Veibanken» i fagsystemet ØKS og at Veibanken er oppdatert.

Landbruksdirektoratet vil frå og med 2025 legge registreringane i Veibanken til grunn for tildeling av tilskotsmidlar til fylka. Opprusting av bruer er ofte kostbare prosjekt, og det kan vere avgjerande med tilskotsmidlar for å utløyse prosjekt som er naudsynte for sikre eit trygt og samanhengande skogsbilvegnett.

Vi *forventar* at kommunane følger opp rapportane frå bruinspeksjonane og held «Veibanken» oppdatert.

Signaldokument: Skogbrukslova, forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, tildelingsbrev frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 26.01.2024.

2.11.7 Geovekst og skogbruksplanlegging

Omløpsfotografering og laserskanning er nå planlagd regionvis i fylkesgeodataplanen for Vestfold og Telemark fylker. Hovudplanen for skogbruksplanlegging i fylket er revidert for å passe overeins med fylkesgeodataplanen. Målet er å samkøyre omløpsfotografering, laserprosjekt og skogbruksplanlegging, for effektivt å kunne kartlegge større område og nytte seg av bildematching der kor det er føremålstenleg.

Kommunane bør ta omsyn til hovudplanen for skogbruksplanlegging når dei planlegg Geovekst-prosjekt, slik at kommunane kan prioritere midlar til Geovekst-prosjekt som omfattar datafangst i skog.

Vi *forventar* at kommunane tek omsyn til hovudplan for skogbruksplanlegging når det budsjetterast med midlar til Geovekst-prosjekt.

Signaldokument: Fylkesgeodataplan for Vestfold og Telemark, hovedplan for skogbruksplanlegging i Vestfold og Telemark, Geodataloven.

2.12 Arealplanlegging

Arealplanlegginga i kommunane står sentralt i arbeidet for å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling. Arealplanlegging verkar inn på ei rekke av berekraftsmåla, særleg nr. 13 om å stoppe klimaendringane, nr. 14 og 15 om livet i havet og på land og nr. 11 om berekraftige byar og lokalsamfunn. Til dømes er varetaking av natur den mest effektive måten å handtere klimaendringane, samtidig som det styrker naturmangfaldet og lagrar karbon. Natur er viktig for leiken til barn og unge, natur har positiv effekt på folkehelsa, og natur ligg til grunn for matproduksjonen i landbruket.

Kommunane *bør* utarbeide eit arealrekneskap som ein del av planlegginga.

Vi oppmodar kommunane til å følge opp geosynkronisering av arealplandata i alle planfasane (oppstart, høyring og vedtekne planar) til Nasjonal arealplanbase (NAP). Vidare oppmodar vi kommunane til å følge opp forvaltninga av arealplanbasen mot Kartverket og NAP slik at planstatus (høyring, vedteken) og lenker til kommunane sine plankart/register er oppdaterte og fullstendige i NAP.

2.12.1 Nye nasjonale forventningar

I 2023 la regjeringa fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Vi *forventar* at kommunane set seg inn i dokumentet og følger opp dei nasjonale forventningane i planarbeidet sitt.

Signaldokument: Plan- og bygningslova § 6-1. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

2.12.2 Planvask

Vi *forventar* at kommunen ved revidering av kommuneplanens arealdel vurderer om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing,

samfunnstryggleik og eit føremålstenleg utbyggingsmønster. Urealiserte byggeområde som er i strid med ny kunnskap, nye føringar og nasjonale interesser, *bør* tilbakeførast til LNF. Vurderingane må synleggjerast i plandokumenta. Regjeringa framhevar jordvern og villrein som særleg viktige tema å vurdere i planvask.

Signaldokument: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein.

2.12.3 Jordvern i arealplanlegginga

Bevaring av dyrka og dyrkbar jord er ei nasjonal interesse. Stortinget har slått fast at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må være under 2000 dekar og at målet skal nås innan 2030. Fordi størstedelen av den dyrka jorda i Vestfold og Telemark ligg i beste klimasone, må vi vere særst varsame med å omdisponere. KOSTRA- tal for 2023 syner at det vart omdisponert 979 dekar dyrka og dyrkbar jord i Vestfold og Telemark. Eit høgt tall samanlikna med tidlegare. Av dette var 378 dekar dyrka jord.

Gjenbruk av allereie nedbygd areal og effektiv bruk av areala er viktig for å redusere omdisponering av nye areal. Jordvernet er løfta fram som ei nasjonal interesse i planlegginga.

Ein viktig del av arbeidet med jordvern, er å følge opp driveplikta på jordbruksareala.

Satsinga "Areal som kan vere ute av drift», kan vere til god hjelp i dette arbeidet. Målet er at kommunane brukar verktøyet i si oppfølging av driveplikta i det daglege.


Signaldokument:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- Jordbruksmeldinga Meld. St. 11 (2016-2017)

- Oppdatert nasjonal jordvernstrategi, Prop. 121 S (2022-2023), (LMD) vedlegg .
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (SPR-BATP) (2014)
- Brev frå landbruks- og matministeren til fylkesmennene 1. oktober 2018 – *Nasjonal og vesentlig nasjonal regional interesse innenfor jordvern*
- Brev frå landbruks- og matministeren og kommunal og distriktsministeren til kommunane og fylkeskommunane av 23. mars 2022 – *Ta vare på matjorda*
- Brev frå landbruks- og matministeren og kommunal og distriktsministeren til

kommunane og fylkeskommunane av 29. januar 2024 Matjord og arealplanlegging i kommunane

- Prosjektside med informasjon og prosjektskilring: <https://www.statsforvalteren.no/vest-fold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/areal-ute-av-drift/>
- Temaside om driveplikt: <https://www.statsforvalteren.no/vest-fold-og-telemark/landbruk-og-mat/jordvern/matjord-jordvern-og-driveplikt/>



Figur: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i Vestfold og Telemark. Kjelde: SSB KOSTRA (frå 2005) og Statsforvaltaren si landbruksavdeling (1991-2004).

2.12.4 Klima og karbonrike areal

Vi *forventar* at kommunane prioriterer omstillinga til lågutsleppssamfunnet og bidreg til å nå klima- og miljømåla, gjennom arealplanlegging som reduserer utslepp, arealbeslag og transportbehov. Klima må vere eit hovudomsyn i arealplanlegginga, dersom vi skal klare å nå klimamåla innan 2030.

Arealbruksendringar er ei stor kjelde til utslepp av klimagassar. Vi *forventar* at omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, tidevassump og andre typar våtmark og skog, blir så langt som råd unngått, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon. Vi vil ha større fokus enn tidlegare på karbonrike areal.

Signaldokument: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014).

2.12.5 Naturmangfald i arealplanlegginga

Verda står i ei naturkrise, og det må bli lagt stor vekt på å vareta naturmangfald i arealplanlegginga. Kommunane må omdisponere mindre natur, og vi oppmodar kommunane til å sette seg mål for å redusere nedbygginga. Vi *forventar* at naturmangfald av nasjonal og vesentleg regional interesse blir vareteken i planlegginga. Slik natur er definert i rundskriv T-2/16 frå Klima- og miljødepartementet.

Vi *forventar* at naturmangfald blir kartlagt i planarbeidet. Ved rullering av kommuneplanens arealdel *forventar* vi at alle nye byggeområde kartleggast for naturtypar etter NiN-metoden (Miljødirektoratets instruks). Vi understrekar at dette skal gjerast på kommuneplannivå. For byggeområde som frå tidlegare ikkje er kartlagde på kommuneplannivå, *forventar* vi at det blir gjort i reguleringsplanprosessane. Resultata frå kartlegginga må bli lagt til grunn i planarbeidet.

Signaldokument: Rundskriv T-2/16 Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis, naturmangfaldlova, Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

2.12.6 Villrein i arealplanlegginga

Villreinen er ein norsk ansvarsart, men er no klassifisert som nær trua på raudlista. Ny kunnskap frå Kvalitetsnorm for villrein viser at berre eitt av Noregs 24 villreinområde har god kvalitet, og mange har dårleg kvalitet. Det er særleg menneskeleg aktivitet som

påverkar villreinen negativt, i tillegg til klimaendringar og sjukdom. Ei av dei største utfordringane er bit-for-bit nedbygging og fragmentering av leveområda.

I tillegg har vi fått ei ny stortingsmelding om villrein, der regjeringa legg opp til ein høg terskel for nye inngrep i villreinområda og ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet. Regjeringas mål er å stoppe den negative utviklinga i villreinområda innan 2030, og dette vil krevje ein stor innsats frå kommunane.

Det vil også komme tiltaksplanar for å forbetre tilstanden på villreinområda.

Vi *forventar* at kommunane legg svært stor vekt på omsynet til villreinen i arealplanlegginga si, gjennom å unngå ny utbygging innanfor leveområda til villreinen eller utbygging i randsona til leveområda som kan generere betydeleg ferdsel inn i leveområda. Villrein må vere eit viktig tema i planvask.

Signaldokument: Meld. St. 18 (2023-2024) Ein forbetra tilstand for villrein, Kvalitetsnorm for villrein (Rangifer tarandus), Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, naturmangfaldlova, rundskriv T-2/16.

2.12.7 Strandsona og Oslofjordplanen

Alle kystkommunane i Vestfold og Telemark ligg i sone 1 i statlege planretningslinjer for strandsona. Der det er særleg stort press på areala og byggeforbodet i 100-meterbeltet langs sjø skal handhevast strengt. Det er framleis behov for at kommunane skjerpar inn dispensasjonspraksisen sin i strandsona.

Krav/pålegg: Kommunane skal handheve byggeforbodet i 100-meterbeltet strengt. Dispensasjonar skal unngåast.

Klima- og miljøminister har i brev av 15. desember 2023 understreka kommunanes ansvar for oppfølging av tiltaka i Helhetlig tiltaksplan for ein rein og rik Oslofjord. I tillegg til streng handheving av

byggeforbodet i strandsona må kommunane mellom anna unngå negativ påverknad på vasskvaliteten i både fjorden og i vassførekomstar som endar opp i fjorden. Det er mellom anna viktig å sikre breie kantsoner langs vassførekomstar og å hindre avrenning og forureining. Vi *forventar* eit større fokus på dette i planlegginga.

Signaldokument: Plan- og bygningslova § 1-8, Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021). Helhetlig tiltaksplan for Oslofjorden (2021).

2.12.8 Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Krav/pålegg: Samfunnstryggleik og beredskap skal vektleggast i planlegginga. Risiko- og sårbarheitsanalysar skal bygge på oppdatert kunnskap og leggast til grunn for planlegginga. Det skal takast omsyn til eit endra klima i planlegginga, og arealbruk skal planleggast slik at overvatn, flaum, erosjon, skred, havnivåstiging og annan naturfare blir forsvarleg handtert.

Det må leggast stor vekt på klimatilpassing i planlegginga. Vi *forventar* større merksemd på naturbaserte løysingar for klimatilpassing. Bevaring og restaurering av naturområde, eller etablering av naturbaserte løysingar, er sentralt for å handtere overvatn, flaum, skred og annan naturfare knytt til klimaendringane. Å unngå nedbygging av natur og grøntområde er eit godt klimatilpassingstiltak.

2.13 Samferdsel

Eit godt tilrettelagt samferdselssystem kan bidra til utviklinga av berekraftige byar og lokalsamfunn, berekraftsmål nr. 11. Samferdsel kan óg planleggast på ein måte som reduserer klimagassutslepp, til dømes tilrettelegging for gang- og sykkelveggar (mål nr. 13). Men utbygging av samferdselssystem, til dømes jernbane, kan krevje store arealbeslag og dermed komme i

Signaldokument: Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018), plan- og bygningslova § 4-3.

2.12.9 Bygging på nedlagde deponi

Krav/pålegg: Arealplanar skal ta omsyn til kunnskap om forureina grunn eller mistanke om dette, jf. Grunnforureiningsdatabasen. Område med forureina grunn skal synleggjerast i kommuneplanen gjennom t.d. omsynssoner.

Vi ber kommunane særleg ha fokus på at helse- og miljøstyresmaktene rår ifrå bygging på eller i randsona til gamle deponi. Dersom kommunen likevel ønsker å opne for bygging på eit nedlagt deponi, *forventar* vi at det gjennom miljøtekniske undersøkingar og risikovurderingar dokumenterast at dette er helse- og miljømessig forsvarleg.

For bygging på nedlagde deponi *forventar* vi at dette blir gjort allereie på kommuneplannivå. Dersom dette ikkje er gjort i tidlegare kommuneplanrulleringar, må det gjennomførast i samband med reguleringsplan.

Signaldokument: plan- og bygningsloven § 4-3, rundskriv T-2/16 punkt 3.3, Miljødirektoratets veileder M-1780/2020 Bygging på nedlagte deponier.

konflikt med målet om varetaking av livet på land (mål nr. 15). Berekraft blir oppnådd ved å søke løysingar som avgrensar konfliktane.

Det er Statens vegvesen som har sektoransvar for å følge opp nasjonale oppgåver for heile vegtransportssystemet.

Krav/pålegg: Kommunane er forplikta til å sende alle arealplanar til Statens vegvesen til uttale. Kommunane har og plikt til å involvere Vegvesenet i saker om avkøyrslar eller byggegrenser enten desse er med heimel i veglova eller arealplan etter plan- og bygningslova. § 21-5 i plan- og bygningslova er tydeleg på at kommunen

skal legge saka fram for aktuelle myndigheiter.

Signaldokument: V744 Nasjonale interesser Statens vegvesen skal ivareta i arealplanleggingen og bruk av innsigelse». Handboka finn ein på www.vegvesen.no.

2.14 Gravplass

Forvaltning av gravplassar kan bidra til å styrke FN's berekraftsmål. Gravplassar er stad for gjennomføring av gravferd, sorgbearbeiding og som minnestad. Ved å legge gravplassane til område der folk bur og kvar ein kan reise kollektivt, sykle eller gå, kan gravplassforvaltning bidra til berekraftige byar og tettstader og samtidig redusera klimagassutslepp frå transport. Gravplassar kan óg leggast til rette for auka biologisk mangfald og dermed styrke berekraftsmål nr. 15 om livet på land.

Gravplassmyndigheita i kommunen er normalt kyrkjeleg fellesråd eller sokneråd i kommunar med eit sokn. Etter søknad frå kommunen kan Statsforvaltaren fastsette at ansvaret som lokal gravplassmyndigheit etter lova skal ligge til kommunen. Per i dag er det berre nokre få kommunar som har tatt over ansvaret som gravplassmyndigheit.

Krav/pålegg: I alle kommunane skal det vere ein eller fleire gravplassar av slik storleik at det til ein kvar tid er ledige graver for minst 3 prosent av befolkninga i kommunen.

Krav/pålegg: Kommunen skal sørge for at det er tilstrekkeleg areal til gravplass og skal sjølv, i samråd med gravplassmynden, regulere slikt areal etter [kapittel 12](#) i [lov 27. juni 2008 nr. 71](#) om planlegging og byggesakshandsaming ([plan- og bygningslova](#)).

Arbeid med å sette av nytt areal til gravplass eller omdisponering av areal som ikkje er realisert, *bør* inngå i revisjon av

kommuneplanens arealdel. Den kommunale planstrategien bør derfor omfatte kartlegging av arealbehovet for gravplassane i kommunen.

Kommunen har det økonomiske ansvaret for dei offentlege gravplassane i kommunen. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tenester i staden for å gi tilskot. Kommunen skal òg fastsette avgifter for gravplass, kremasjon og gravferd, etter forslag frå gravplassmyndigheita.

Kommunen treffer nødvendig avgjerd der det er usemje om kven som skal sørge for ei gravferd. Den som sørger for gravferda skal bli gitt høve til å vere ansvarleg for grava, med mindre nokon etterlatne skriftleg krev spørsmålet avgjort av kommunen.

Avgjerdsmakta i desse to tilfella ligg i utgangspunktet hos kommunestyret, men myndigheita kan og *bør* delegerast i delegeringsreglementet. Kommunen skal òg sørge for gravferda dersom det ikkje er nokon attlevande som gjer det. Det *bør* avklarast på førehand kven i kommunen som skal utføre desse oppgåvene.

I arbeidet til kommunane med beredskapsplanar *bør* det takast inn tilhøve knytt til handtering, transport, oppbevaring, kremering og gravlegging av eit større tal avdøde, til dømes som følge av ein pandemi.

Signaldokument: Gravplasslova, gravplassforskrifta, rundskriv H-2/14, retningslinjer for innsigelser i plansaker etter plan- og bygningslov.

2.15 FN-konvensjonen om menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om nedsett funksjonsevne (CRPD) er ratifisert, og konvensjonen skal inkorporerast i norsk lov.

Krav/pålegg: Kommunane skal sette i verk CRPD i alle sektorar.

Kultur- og likestillingsdepartementet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har derfor sett i gang eit prosjekt frå 2023-2025,

kor statsforvaltarane skal gi opplæring i konvensjonsrettane og korleis gjennomføre dei i kommunane. Vi oppmodar kommunane til å delta på opplæringa. Sjå [film om](#) og [retteiar til CRPD](#).

Signaldokument: [FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne \(CRPD\)](#).

2.16 Likestilling

[Lov om likestilling og forbud mot diskriminering \(likestillings- og diskrimineringsloven\) - Lovdata](#) gir kommunane utvida aktivitets- og forklaringsplikt for likestilling og diskriminering.

Krav/pålegg: Kommunane skal gjere greie for faktisk tilstand for kjønnslikestilling i verksemda og for arbeidet som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i likestillings- og diskrimineringslova.

Dei nye krava bidrar til at tenester og innhald, som blir lagde ut på nettstader og mobilapplikasjonar som kommunen bruker, blir meir tilgjengeleg for brukarar.

Kommunane kan finne rettleiing om aktivt likestillingsarbeid og informasjon om relevante tilskotsordningar på [Bufdir.no](#).

Kommunen *bør* vere merksam på [NOU 2024: 8](#) Likestillingens neste steg – Mannutvalgets rapport. Mannutvalet meiner likestillingas neste steg *bør* vere å inkludere gutar og menns utfordringar i større grad enn i dag. Nokon av

utfordringane gutar og menn møter heng saman med sosial ulikskap og utanforskap.

Kommunen *bør* vere merksam på handlingsplanen for like moglegheiter til å delta i kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar 2024-2026, «[Alle inkludert!](#)». Handlingsplanen skal bidra til at barn og unge får delta i slike aktivitetar uavhengig av foreldra sin økonomiske situasjon.

Signaldokument:

- Løyve om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringslova).
- Prop. 141 LS (2020–2021) Endringar i likestillings- og diskrimineringslova mv. (universell utforming av IKT-løysingar)
- NOU 2024: 8 Likestillingens neste steg – Mannutvalgets rapport
- FNs kvinnekonvensjon
- FNs konvensjon mot rasediskriminering
- FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne

3 Dialog og samarbeid

Ein grunnleggjande premis for å sikre ei samfunnsutvikling i tråd med FNs berekraftsmål, er å samarbeide.

Berekraftsmål nr. 17 slår fast at styresmakter, næringsliv og sivilsamfunn må jobbe saman for at måla skal kunne bli nådd.

Kommunedialogen er heilt sentral i virket til embetet. Møta mellom Statsforvaltaren og kommunane er viktige for å fremme statlege signal, men like mykje for å få kommunane sine tilbakemeldingar, som vi så kan ta vidare til departement og direktorat.

Kommunedialog

Kommunedialogen i 2025 vil som tidlegare skje på både digitale og fysiske arenaer. Vi tar mellom anna sikte på å halde fram med nokre videomøte med ordførarar, kommunedirektørar og aktuelle fagpersonar. I tillegg til vi arrangere nokre fysiske temamøte for same målgruppe. Dei fysiske møta vil som eit utgangspunkt bli arrangert fylkesvis, dvs. delt for Vestfold og Telemark. Utover dette er omfanget og innretning av desse møta i 2025 ikkje avklart p.t.

Vi vil framleis invitere til kommunesamtalar med leiinga i den enkelte kommunen ein gong kvar valperiode, og elles ved behov, og oppfølging av regionråda i Telemark, både som politiske organ og som tenestefellesskap. I tillegg kjem utstrekt kontakt og dialog på fagnivået.

Opplæring for folkevalde og administrasjon

Vi viser til vårt brev til kommunane våren 2023, der vi tilbød opplæring av folkevalde i

etterkant av valet hausten 2023, med utgangspunkt i sentrale tema der Statsforvaltaren har ei rolle.

Vi ønsker framleis å tilby opplæring til kommunane om dette og om andre emne, der dei spør om det. Det gjeld både for dei folkevalde og for administrasjonen.

Samordning av statlege tilsyn

Statsforvaltaren skal samordne statlege tilsyn med kommunar og fylkeskommunar etter §§ 30-6 og 30-7 i kommunelova. Samordninga skal bidra til at planlagde statlege tilsyn er målretta, føreseielege og at dei bidrar til forbetring og læring. Samordninga skal òg omfatte den eigne kommunale kontrollverksemda.

Samordningsoppdraget vert handtert ved at statsforvaltarane har utpeika tilsynssamordnarar med ansvar for den regional samordninga gjennom et eige Tilsynsforum og tett dialog med kommunane. Den nasjonale samordninga og utviklinga av oppgåva gjennom det nasjonale Nettverket for samordnarar er òg eit viktig grep.

Eit viktig verktøy i tilsynssamordninga, inkludert dialogen med kommunane, er bruken av den nasjonale Tilsynskalenderen, der ein finn ein samla oversikt over dei planlagde statlege tilsyn og kontrollar og den kommunale eigenkontrollen. Her finn de òg tilsynsrapportar, og på sikt revisjonsrapportar frå eigenkontrollen

Meir informasjon finn de på våre heimesider:

<https://www.statsforvalteren.no/vestfold-og-telemark/kommunal-styring/tilsyn/>